

Beredskapsplan for ulykker

Ansvar
Organisering
Informasjon
Omsorg

Vedtøken i styremøte SFT 18. mars 2020

1.0 BAKGRUNN

Beredskapsplanen syner korleis krisesituasjonar internt skal handterast i Sogn og Fjordane Turlag. Målet er å gi dei som handterer situasjonen ei praktisk rettleiing i:

- kva som skal gjerast,
- av kven og
- i kva rekkefølge

Beredskapsplanen gir ei oversikt over tiltaksplan over:

a. Dødsfall mellom turdeltakarar

b. Alvorleg ulykke mellom turdeltakarar

Presisering: Beredskapsplanen omfattar her dødsfall og alvorleg ulykke mellom turdeltakarar på tur i regi Sogn og Fjordane Turlag. Frivillige som opererer i regi av Sogn og Fjordane Turlag er også innlemma i beredskapsplanen.

2.0 VARSLING

2.1 VARSLINGSPLAN

HANDLINGSPLAN VED ULYKKE

HJELP	Ring alarmsentralen	113
	Hovedredningssentralen	51 64 60 00
VARSLER	Varsle Sogn og Fjordane Turlag	482 36 615
	DNT sin varslingstelefon	21 08 80 90
Turleiar tek med denne handlingsplanen på turar i regi av SFT. Turleiar varslar SFT ved alvorleg ulykke. SFT handtere media. Varsling av pårørande vert gjort av politiet.		
Førstehjelp: Sjå ABC førstehjelp, DNT	Sogn og Fjordane Turlag	

HANDLINGSPLAN VED ULYKKE

1. **Vurder eiga- og gruppetryggleik.**
2. **RING!** Fortel **kven** du er, **kor** og **kva** som har skjedd
3. **Utfør livreddande førstehjelp (ABC)**
Airways: Sikre frie luftvegar. Pustar? Ja= Stabilt sideleie.
Nei = Start HLR 30:2
Bleeding: Undersøk og sjå etter blødningar. Stopp blødning- Hald minst 10 minutter. Hev skadestaden.
Cold: Hold pasient og deltakarar varme

2.2 VARSLINGSGRUNNLAG

Omfanget og grunnlaget for krisa avgjer kva for ein kontaktperson som er ansvarleg.

Hending	Dagleg leiar	Styreleiar SFT	Styreleiar lokallag
Ulykke/dødsfall fellestur	x	x	
Ulykke/dødsfall Barnas Turlag/DNT ung	x	x	
Ulykke/dødsfall dugnadstur	x	x	

Styreleiar i vedkomande lokallag varslar dagleg leiar, SFT, om eventuell hending, og gjensidig dersom hending ikkje er kjent for styreleiar lokallag. Styreleiar har ikkje ansvar utover varsling mht Kriseberedskapsteam (KBT).

Ansvarlege i lokallaga (styreleiar), Sogn og Fjordane Turlag

Ytre Nordfjord Turlag, Tor Magne Gangsøy, tlf. 489 55 867

Midtre Nordfjord Turlag, Katrine Fjellestad Aske, tlf. 474 56 485

Indre Nordfjord Turlag, Olav Helmer Auflem, Lindset, tlf. 414 65 056

Keipen Turlag, Evy Dombestein, tlf. 469 64 184

Flora Turlag, Bengt Solheim Olsen, tlf. 906 99 057

Indre Sunnfjord Turlag, Kjell Arne Hjellbrekke, tlf. 958 27 976

Luster Turlag, Ole Hermann Meløy, tlf. 906 91 624

Sogndal Turlag, Ove Ellingsen, tlf. 913 54 923

Lærdal Turlag, Rolf Engløkk, tlf. 959 82 635

Årdal Turlag, Sonja Hestetun, tlf. 901 87 792

Vik Turlag, Karen Weichert, tlf. 905 34 102

Balestrand og Høyanger Turlag, Knut Strømmen, tlf. 913 49 383

Ytre Sogn Turlag, Marit Gjersvoll, tlf. 993 55 314

Aurland Turlag, Astrid Kringeland Grønsberg, tlf. 901 22 886

3.0 KRISELEIING

Dagleg leiar SFT er øvste ansvarleg for kriseleiing. Styreleiar SFT er vikar i frávær av dagleg leiar. Ved denne sitt frávær er nestleiar SFT ansvarleg. Når krisa oppstår kallast aktuelt **Kriseberedskapsteam (KBT)** inn.

3.1 Ansvar

- setje i gang aksjonsplanar
- samordne tiltak som ligg utanfor kriseleiinga sitt område – kompetanseområde og myndigheitsområde
- vere ressurs for KBT
- foreta ekstern og intern informasjon
- ha ansvar for å styrkje kriseteamet i den enkelte krisesituasjon

3.2 Kriseberedskapsteam (KBT). Oppdatert 12.02.2020

Stilling	Namn	Mobil
Dagleg leiar	Astrid Kalstveit	482 36 615/ 918 07 899
Styreleiar SFT	Siv Merete Stadheim	900 24 795
Nestleiar SFT	Silje Marita Vallestad	901 93 975
Leiar Kurs-Fjellsport	Vigdis Flaten Kvamme	481 06 362

KBT består av kontaktpersonar på leiarnivå som alltid, både i arbeid- og fritid, kan kontaktast, når krisa eller ulykker oppstår. I feriar og liknande må ein ha ein rutine for at telefon blir sett over til annan person, ev. utarbeide alternativ varslingsplan. Beredskapen omfattar variantar av ulykkessituasjonar/kriser og bør øvast på jamleg. Er krisesituasjonen av eit visst omfang og alvor, vil den bli tatt hand om av profesjonelle hjelparar som politi, brannvesen, sivilforsvar og helsevesen. KBT samarbeider då med desse instansar, stiller seg til disposisjon for den skadestadleinga som måtte bli etablert.

Ved eventuell hendingar på tur i lokallag eller i eit lokallag sitt område, vil dagleg leiar og KBT sørge for at styreleiar i vedkommande lokallag vert varsla og haldast orientert.

3.3 Kontaktinstansar

KBT informerer, samordnar og samarbeider med følgjande instansar som bistår i samhøve med gjeldande aksjonsplan. Dette arbeidet koordinerast av politiet.

Instans	Namn	Telefon
Kriseteam i kommune/kommunane		
DNT, Kommunikasjonssjef	Mette Øines Habberstad	900 66 744
Utanriksdepartementet	Ved ulykke/dødsfall i utlandet	22 24 36 00

4.0 AKSJONSPLANAR

4.1 Dødsfall eller alvorleg ulykke turdeltakarar

Alle som blir varsla, har teieplikt.

Dagleg leiar (ev styreleiar) uttaler seg ved henvendingar

HENDING	ANSVARLEG	TILTAK
AKUTTFASE		
STRAKSTILTAK: Dødsfall eller alvorleg ulykke mellom turdeltakarar (Lækjar stadfester ev død)	De(n) som er saman med/finner den forulykka	Yte førstehjelp Varsle lækjar / politi: Medisinsk nødhjelp: tlf. 113 Politi: tlf. 112 Kontakte KBT
	De(n) som er saman med/finn den forulykka, om dette er utanforståande må den person eller tilsett i Sogn og Fjordane Turlag som får melding ta ansvar KBT	Yte førstehjelp Varsle lege / politi: Medisinsk nødhjelp: tlf. 113 Politi: tlf. 112 Kontakte KBT Varsle politi om deltakarlistar Bistå hjelpemannskap
Ved ulykke med dødeleg utfall eller mistenkjeleg dødsfall	Politi	Etterforskar Avklare hendingsforløpet
VARSLING:	Dagleg leiar/delegert Dagleg leiar/delegert	Varsle pårørande, sjukehus, prest, politi eller andre der det er naturleg VARSLING: <ul style="list-style-type: none"> - KBT for samling (digitalt) innan ein time - Styreleiar i evt. berørt lokallag - Andre tilsette - Media (internett) - informere pårørande om kva krisetilbod som blir sett i gang lokalt
PRAKTISKE TILTAK	Dagleg leiar/delegert	Etablere: <ul style="list-style-type: none"> - Informasjonssenter (dagleg leiar sitt kontor, evt operativ avdeling Politiet) Opprette: <ul style="list-style-type: none"> - Informasjonsansvarleg
OPPFØLGINGSFASE		
BEARBEIDING OG PRAKTISKE TILTAK	KBT	legg opp arbeidet vidare: <ul style="list-style-type: none"> - varsle tilsette/styret om hendinga

HENDING	ANSVARLEG	TILTAK
		<ul style="list-style-type: none"> - utpeike kontaktperson for pårørende - kontakte ekstern krisehjelp om nødvendig - debriefing av dei som har vore vitne/først på staden
	Dagleg leiar/KBT Dagleg leiar/delegert	<ul style="list-style-type: none"> - vurdere om ein skal avlyse turar, kurs og andre arrangement - praktisk tilrettelegging - oppfølging av turleiarar i lokallag / styreleiar i lokallag - blomster, helsing, samtale med heimen - hjelp til pårørende som kjem utanbys frå - representasjon i gravferd - svare på spørsmål om forsikring/erstatning
VIDERE OPPFØLGING AV PÅRØRENDE	KBT	<ul style="list-style-type: none"> - ha god kontakt med pårørende - gi tilbud om oppfølging - turleiarar/ lokallag
ETTERARBEID	KBT og involverte instansar Dagleg leiar/delegert	<ul style="list-style-type: none"> - evaluere korleis beredskapsplanen har fungert og eventuelt å foreslå endringar - ajourføre lister og liknande - forsikringsspørsmål - sletting av data i turleiar/medlemsregister/ e-postlister

4.0 ROLLEAVKLARING

Følgjande modell blir følgd i aksjonsplanen i KBT Sogn og Fjordane Turlag:

Person	Ansvarsområde
Dagleg leiar SFT	Overordna ansvar aksjonsgruppe

	Samle og samordne informasjonsflyt mellom skadestaden, skadestadleiar, KBT, media og pårørende. (Bestemme kva informasjon som går kor) Media-talsperson Samordne informasjonen til KBT ved hyppige oppdateringar og samlingar i aksjonsfasen
Styreleiar SFT	Hovudansvar kontakt eksterne instansar Hovudansvarleg aksjonsgruppe ved DL sitt frávær
Nestleiar SFT	Stadfortredar i dagleg leiar sitt frávær Hovudansvar kontakt eksterne instansar Hovudansvarleg aksjonsgruppe ved DL sitt frávær
Leiar Kurs- og Fjellsport SFT	Hovudansvar kontakt politi og skadestad

5.0 KRISEINFORMASJONSPLAN

Kriseinformasjonsplanen er basert på følgjande mål:

- Sikre at fakta i nyhendebilete er korrekt og oppdatert.
- Sikre at informasjonen er enkelt og raskt tilgjengeleg
- Sikre at informasjonen koordinerast med samarbeidspartnere i krisen (politi, brannvesen, sjukehus, andre berørte verksemder)
- Sikre at media og andre interessentar får rett informasjon frå rett instans til rett tid.

Dagleg leiar er til ei kvar tid hovudansvarleg for informasjon i ein krisesituasjon. Ved denne sitt frávær er styreleiar ansvarleg.

5.1 Kven svarar på kva?

Type henvendingar	Ekspederast til	Telefon
Førespurnader frå offentlege myndigheiter	Dagleg leiar	
Førespurnader fra pårørende som antas å være omfattet eller rammet av krisesituasjonen	Pårørandetelefon	Politi, sjukehus
Førespurnader frå media	Dagleg leiar, evt styreleiar ved DL sitt frávær	
Generelle interne eller eksterne henvendingar om krisesituasjonen, eller når turinfoen er usikre på kven som ringer	Kriseberedskaps-teamet	

5.2 Aksjonsplan for krisekommunikasjon

Kva	Korleis	Ansvar
Kriseberedskaps- teamet vert kalla saman til turlagskontoret, Langebruvegen 9	DL kallar inn.	DL
Kort informasjon om krisa	- omfang - samarbeidspartnarar - vårt eigarskap til krisa	DL leier seansen
Krisenettside og intranettside opprettast	Førehandslaga mal aktivert All informasjon som går ut, går ut her først!	Nettansvarleg
Avklare eigarskap	Den som har ansvaret for eit område til vanlig, vil naturleg ha hovudansvaret for informasjon i ein krisesituasjon. Kontakt med samarbeidspartnarar. Koordiner informasjonsstraumen.	Dagleg leiar
Definere målgrupper for denne krisa	- Tilsette, pårørende, media	
Definere budskap	Fokus: Menneske , miljø, materiell, marknad Fokus: Korleis løysast krisa – kva gjer vi aktivt!	
Overvak media og loggfør	Sjekk nettsider, radio og tv. Loggfør all kontakt med media.	
Møt media	Legg til rette for mediekontakt avhengig av størrelsen på krisen. Aktuelle tiltak: - Krisenettside til ei kvar tid oppdatert! - Pressemelding (hastemelding) - Pressekonferanse - Kontakte aktuelle media direkte - Handtere media på staden - Vurder behov for pressesenter (katastrofar)	Dagleg leiar
Møt tilsette/pårørende	Intranetts kriseside blir halde til ei kvar tid oppdatert. Informert tilsette/pårørende om kven dei kan snakke med. Informert om eventuelle allmøte for direkte informasjon og moglegheit til tovegs kommunikasjon.	
Løpande evaluering	- Er informasjonen god nok? - Er det andre målgrupper som bør nåast - Er informasjonen aktiv nok? - Rapporterer media ein annan versjon enn den versjonen vi forstår som korrekt? - Er interninformasjonen tilstrekkeleg?	
Etter krisa	Vurder korleis planen blei følgt – revider planen om nødvendig	KBT

5.3 Loggføring

For best mogleg informasjonsflyt er det svært viktig at hendingsforløpa loggførast når informasjonen først er blitt tilgjengeleg. Skjema og instruks under skal vere tilgjengeleg i turinfoen dagtid. Retningsliner følgjast av andre berørte som blir involvert i krisa.

5.3.1 Instruks for tilsette i Sogn og Fjordane Turlag ved alvorleg ulykke

- Den som først registrerer ringing på intern varslingstelefon, skal straks
 - avslutte anna arbeid og svare telefonen
- Ved innkomne samtaler skal det fyllast ut loggskjema med eventuelle opplysningar om:

- *kven* som ringer
- *kva* som har skjedd
- *kvar* det har skjedd (GPS: 8 + 6 siffer)
- *telefonnummer* kor ein kan nå vedkomande
- Spør om brannvesen, politi eller ambulanse er varsla.

3. Om brannvesen, politi eller ambulanse ikkje er varsla, vert det gjort av den som mottar varslet.

4. Deretter skal kriseberedskapsteamet (KBT) varslast.

Loggskjema for alvorleg ulykke eller andre som mottar melding

Føres når det telefonisk eller på anna måte meldast om ei eller anna form for krise der turdeltakarar/dugnadsfolk er involvert/ramma.

Melding mottatt – dato og klokkeslett	
Mottakar av meldinga	

Kven ringjer - namn	Telefon	Anna adresse

<p>Kva har skjedd?</p> <p>Kven?</p> <p>Kva?</p> <p>Kvar? m.m.)</p>
--

<p>Er politi, brannvesen eller ambulanse varsla?</p>	
---	--

5.3.2 Loggskjema for Kriseberedskapsteam

Krise:

Dato:

Ark nr:

Klokkeslett	Hending	Tiltak

6.0 REFERANSER – AKTUELLE AKTØRER

Politiet

Politiet har generelle og omfattande fullmakter for å avhjelpe ein krisesituasjon, mellom anna gitt i politilova §§ 7 og 27. Alle politidistrikta har døgnbemanna operasjonssentralar.

I samhøve med politiinstruksen har politiet ansvar for å koordinere og leie redningsinnsats av ein kvar art, på ein skadestad innanfor politidistriktet.

Politiet er i politilova § 27 tredje ledd også gitt ein klar heimel for, og ei plikt til å iverksette nødvendige tiltak for å avverje fare og avgrense skade i høve ulykkes- og katastrofesituasjonar. Bestemminga inneber at politiet er gitt eit akutt sektorovergripande operativt ansvar ved ulykker og katastrofar i fred innanfor alle samfunnsområde. Vedkommande politimeister er såleis i ein akutfase gitt myndigheit til å fatte avgjerder som også berører andre myndigheiter sine ansvarsområde, inntil ansvaret overtakast av ansvarleg myndigheit i samhøve sektoransvar. Politimeistrane er formann i redningsleiinga både ved hovudredningssentralane (HRS) og lokale redningssentralar (LRS).

For øvrig er politiet mellom anna ansvarleg for evakuering, generell bistand til befolkninga, vakthald og sikring, samt iverksetjing og gjennomføring av etterforskning i høve ulykker og katastrofar. Politiet har eit ansvar for varsling av pårørande til sakna eller omkomne, og er i tillegg gitt eit særskilt ansvar for å leie og iverksette søk etter omkomne, samt å ta hand om lik.

Alle politidistrikt har planverk for oppretting og drift av pårørandesenter. Senteret skal vere eit opphaldsstad for pårørande som har trong for hjelp, omsorg, samtaleneste og informasjon. I pårørandesenteret inngår fagpersonar frå politiet, helse- og omsorgstenestene, kyrkja, frivillige organisasjonar, mv.

Helse- og sosialtenesta

Helse- og sosialsektoren utgjer ein omfattande beredskapsorganisasjon gjennom kommunane sine primærtenester, regionale helseføretak og helseføretaks spesialisthelsetenester. Kommunane og dei regionale helseføretaka har etter lov om helsemessig og sosial beredskap plikt til å utarbeide beredskapsplanar for de helse- og sosialtenestene dei har ansvar for. Planplikten gjeld kriser og katastrofar i fred og krig. For å sikre god samanheng i tenestene har kvart ledd ansvar for å koordinere sine beredskapsførebuingar med samarbeidspartar. Dei regionale helseføretaka har eit særskilt ansvar for å koordinere sitt beredskapsarbeid, i høve kommunane i helseregionen og i høve andre helseregionar, samt ansvar for at helsetenesta sitt beredskapsarbeid er koordinert med andre etatar – som mellom anna politi, brannvesen, Forsvaret og Sivilforsvaret.

Brannvesenet

Brannvesenet er ein vesentleg ressurs på samfunnstryggleiksområdet. Et velfungerande brannvesen er av grunnleggjande betydning for samfunnet si evne til å kunne handtere også ekstraordinære hendingar. I høve lov 14. juni 2002 nr. 20 om brann- og eksplosjonsvern skal kommunen sørge for etablering og drift av eit brannvesen som kan ivareta førebyggjande og beredskapsmessige oppgåver etter lova på ein effektiv og trygg måte. Brannvesenet har lokal tilhørsle, utøve rask effektiv teknisk innsats, og er den viktigaste tekniske førstelinieinnsatsen i redningstenesta. Brannvesenet sine oppgåver følgjer av lova og av lokale eller regionale risiko- og sårbarheits analysar. Innsats kan eksempelvis vere retta mot brannsløkking, redningsdykking, utslipp av kjemikaliar, frigjering av omkomne eller skadde, livreddande førstehjelp, tauredning og sikring av et ulykkesstad. Brannvesenet øver regelmessig på dei situasjonar det kan bli stilt overfor.

Redningstenesta mv.

Den grunnleggjande ideen innan redningstenesta er at alle ressursar i vårt land – statlege, fylkeskommunale, kommunale, private og frivillige – som er eigna for akuttinnsats for å redde liv, skal kunne mobiliserast for innsats i redningstenesta. Den offentleg organiserte redningstenesta er såleis organisert som eit samvirke mellom ei rekkje offentlege etatar, private og frivillige organisasjonar med eigna ressursar for redningsinnsats. Sjølv om dei fleste offentlege etatar er etablert med tanke på andre primæroppgåver enn redningsteneste, vil likevel mange av dei kunne yte ein viktig innsats i redningstenesta. Redningstenesta er såleis ikkje ein organisasjon, men ein funksjon. I tillegg til offentlege etatar og verksemdar utgjer dei frivillige organisasjonane ein av grunnpilarane i redningstenesta.

Den offentlege organiserte redningstenesta sitt ansvarsområde omfattar straks innsats for å redde menneske frå død eller skade som følgje av ein akutt ulykkes- eller faresituasjon. Tenesta er operativt organisert gjennom to hovudredningssentralar og 28 lokale redningssentralar. Hovudredningssentralane har fast tilsett personell som sørgjer for sentralanes daglege drift og døgnbemanning. Lokale redningssentralar er lagt til politidistrikta. Kvart politidistrikt har ei redningsleiing med politimeisteren som formann. Dei lokale redningssentralar brukar politiet sitt personale underlagt politimeisteren.

Operativ styring og koordinering av redningsaksjonar føregår på tre nivå:

- operativ styring og koordinering på skadestad. Skadestadleinga ivaretakast av politiet når det gjelder redningsoperasjonar på land
- operativ koordinering av innsatsen gjennom lokal redningssentral
- overordna operativ koordinering av innsatsen gjennom hovudredningssentral

Dei fleste landredningsaksjonar blir koordinert av lokal redningssentral. Sjøredningsaksjonar, flyredningsaksjonar og ulykker i høve offshore-verksemd, blir normalt koordinert direkte frå ein av hovudredningssentralane.

Ved større ulykker er det forberedt system ved hovudredningssentralane for informasjon til blant annet pårørande og media. Det vert oppretta krisetelefonar bemanna av politiet kor pårørande kan vende seg, og det blir også lagt stor vekt på støtte til overlevande og redningsmannskap. Det er eit avklart grensesnitt mellom hovudredningssentralane sine redningsoppgåver og Kriseutvalet ved atomulykker sitt mandat.

Fiskeri- og kystdepartementet har ansvaret for den statlege beredskapen mot akutt forureining, og det operative ansvaret på nasjonalt nivå er lagt til Kystdirektoratet. Lokalt administrerast beredskapen av interkommunale utval mot akutt forureining, jf. St.meld. nr. 14 (2004 -2005) På den sikre sida – sjøtryggleik og oljevernberedskap.

Forsvaret og deira ressursar er av stor betydning både ved redningsaksjonar og statlege aksjoner mot akutt forureining til sjøs. KYBAL er etablert for at Forsvaret skal kunne gripe inn for å hindre at ulykker inntreffer, og sikre at tiltak kan setjast i verk. Aksjonen leiast inntil ansvarleg etat er klar til å overta. Hovudkvartera (Forsvarets operative hovudkvarter og Landsdelskommando Nord-Norge) skal i desse situasjonane utøve aksjonsleiing etter dei same prinsippa som gjeld for hovudredningssentralane. Dermed oppnåast det best mogleg utnytting av offentlege og kommersielle ressursar. I samsvar med ovannemnte, er det etablert grensesnitt for situasjonar som sorterar under høvesvis Kystverket og hovudredningssentralane. Dette er ivaretatt ved gjensidig forståing av ansvarsområda, gjennom samarbeidsavtaler og ved at Forsvaret har faste representantar i dei to etatane sine aksjonsleiingar.

Kommunane

I handsaminga av St.meld. nr. 17 (2001-2002) Samfunnssikkerhet, jf. Innst. S. nr. 9 (2002-2003), slutta Stortinget seg til Regjeringa sitt forslag om å lovfeste kommunane si beredskapsplikt. Ein god kommunal beredskap er ei grunnleggjande forutsetning for ein god nasjonal beredskap, og ei undersøking frå Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap i 2004 viser at dei aller fleste kommunane har gjennomført risiko- og sårbarheits analysar og at ein har utarbeidd planar for kriseleiing og informasjonsberedskap. I tillegg er det gjennomført kommunale krisehandteringsøvingar. Lovfesting av kommunal beredskapsplikt vil bli sett i samanheng med arbeidet med ny lov om sivilforsvaret mv.

Kommunane er innanfor fleire områder underlagt ei rekkje lovpålagte krav om tryggleik og beredskap. Lov 23. juni nr. 56 om helsemessig og sosial beredskap pålegg mellom anna kommunane å utarbeide beredskapsplanar, og lov 14. juni 2002 nr. 20 om vern mot brann, eksplosjon og ulykker (brann- og eksplosjonsvernloven) regulerer det lokale brannvernarbeidet, førebyggjande brannverntiltak, innsats ved brann, og bistand ved andre ulykkessituasjonar.

Dei fleste kommunane har etablert eigne beredskapsråd, som eit samarbeidsorgan under leiing av ordføreran og med deltaking frå kommunale fagorgan, politiet, Forsvaret, Sivilforsvaret og frivillige organisasjonar.